



Notat

Dato: 17.02.2016
Arkivsak: 2016/1944-1
Saksbehandlar: stiaas9

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Utdanning for vaksne - Årsrapport 2015

2015 har vore eit år prega av fornying og utvikling både i vidaregåande utdanning for vaksne og i fagskulen. Arbeidet for vaksne i vidaregåande skule og for fagskule har gjeve fylkeskommunen resultat. Dei to skuleslaga la i 2015 ut meir enn 50 ulike fag. Hordaland er største fylket i landet både i talet på vaksne deltakarar i vidaregåande og i talet på studentar i den offentlege fagskulen.